



# Norsk dialektendring i forskning og førestillingar

Helge Sandøy

## 1. Dialektane som kulturfaktor i Norge

På ein noko særprega måte blei dialektane i Norge viktige for den stoltheita som nasjonalromantikken appellerte til. Dei blei viktige for den nasjonale gjenreisinga og moderniseringa av landet. I Norge har vi aldri fått eit dominerande standardspråk med høg status, sjølv om nasjonalromantikken kunne ha støtta opp om ei slik utvikling. Danmark og Sverige fekk jo det, og det høvde godt inn i ideologien som la så stor vekt på at det skulle vere einskap og særpreg i folkeanda og i eit av viktigaste kriteria for ein nasjon, nemleg språket. Helst skulle det vere einskap i både tid og rom.

Men slik kunne det ikkje bli i Norge, for då nasjonalromantikken var på sitt høgste, hadde vi ikkje noko tydeleg språk for oss sjølve. Skriftmålet var dansk, og borgarskapet og embetsstanden erkjente sjølve at dei ikkje representerte det riktige nasjonale. Det nasjonale alternativet, Ivar Aasens landsmål (seinare nynorsk), var på denne tida ikkje tydeleg nok utforma og brukt nok til å kunne få nokon overordna status, og etter kvart som det nye skriftmålet blei tydeleg, provoserte det fram den sosiale striden mellom bonde og borgar. I dette nasjonale språkdilemmaet kunne dialektane tene som mellomledd til det identitetsberande nasjonalbildet. Det har resultert i mykje dyrking av regionalt språk og stor toleranse for talespråkleg variasjon.

Det sosiale innhaldet i den norske språkstriden har vore klårt, og ettersom borgarskapet ikkje godtok landsmålet (nynorsken), blei dette målet saman med dialektane eit kulturelt uttrykk for opposisjon mot den sosiale overklassen og mot økonomiske sentraliseringstendensar. Det siste har gjort at regionalpolitiske tiltak ofte har gått hand i hand med dialektbruk og kulturell sjølvhevdning. Språkleg variasjon er altså blitt sterkt politisert i den norske kulturen.

## 2. Førestillingane om ”dialektdøden”

Ein gjennomgangsmelodi i omtalen av dialektar er gjerne at dei i dag ”døyr ut”. Det er nok til sorg for mange som mislikar (og ofte mistolkar) språklege endringar, og det kan vere til glede for andre som ser på dialektane som ein umoderne hemsko i



utviklinga. Andre registrerer det med at ”slik er det berre”. Eit uttrykk for den utbreidde oppfatninga av dialektendringar finn vi hos dialektologen Olav T. Beito (1958):

Målføra våre har vel aldri endra seg meir frå generasjon til generasjon enn i våre dagar. Gamle sermerke døyr ut med dei eldre ættledene, og dei unge får etter kvart eit mål som er meir avslipt og mindre sermerkt for det einskilte målføreområdet. [...] Det er verknadene av den industrielle revolusjonen som kjem til dalen med den moderne vegen og jarnvegen, toget og bilen.

Farane er altså den moderne tida med industri, jernbane og bil; i dag kunne vi skøyte på fleire faktorar: urbanisering, massemedium og globalisering/seinmodernitet.

Desse synsmåtane er òg blitt motsagt. Andreas Bjørkum (1967) og andre var tidleg ute og argumenterte for at massemedia neppe hadde så stor effekt på språkendringsprosessen, for sjølv om media betra den passive kompetansen i prestisjespråket, gjorde dei det ikkje aktuelt å bruke den kompetansen aktivt ettersom dei representerer berre einvegskommunikasjon. På 1970-talet opplevde Norge ein sterk og venstreprega motkultur og ei dialektbølge, dvs. at dialektbruken fekk framgang i offentleg bruk. Det overraska nok mange, og det oppstod ei fagleg forundring som svarte til erkjenning frå USA i artikkelen ”Why do low-prestige language varieties persist?” (Ryen 1979.) Svaret låg i at språket var så viktig som identitets- og samhaldsmarkør. (Sandøy 1985: 242f. og kap. 7.)

Det ligg alltid ein interessant dynamikk i samfunnsendringane og den sosiokulturelle verdien som dialektane har fått. Eit kulturprodukt som blir ofte nemnt som uttrykk for globalisering og seinmodernitet, er subkulturen med breikdans og rapp. Som annan poppkultur kom den først på engelsk (amerikansk), og norske ungdommar imiterte så godt dei kunne ideala frå New York. Men alt kring 2000 blei den norske rappen prega av dialektbruk; subkulturen blei kopla til lokalkultur. Det passa godt inn i bildet av at globaliseringa skaper glocalisering. (Brunstad 2007.)

Dialektvariasjonen er altså svært levande i norsk kultur. Men ved jamføringar med andre land, bør ein vere oppmerksom på at det norske dialektbegrepet kan vere brukt noko annleis enn i mange andre land. I norsk omtalar vi også moderne versjonar av dei lokale talemåla som dialektar. Ordet dialekt er altså ikkje knytt til berre ein eldre lokal varietet; perspektivet i begrepet er variasjon.


Kulturpolitisk er både dialektfokuseringa og sjøve begrepsbruken interessant, og situasjonen er ikkje statisk, han er uttrykk for dei motsette kreftene i samfunnet. Borgarskapet i byane har aldri vilja kalle sin språkvarietet for dialekt, mens vi som forskarar gjerne gjer det for å markere den prinsipielle likskapen. Dei som snakkar

prestisjedialekten i byane, omtalar gjerne talemålet sitt som bokmål. I dag ser vi òg ein tendens til at dei som bur i Oslo og omland, oppfattar dialekt som noko ”dei andre” snakkar (Skolseg 2000). Dermed er både avgrensinga av dialektbegrepet og førestillinga om at dialektane held på og døyr ut, ein del av det vi somtid kallar ’sentralkulturen’ i samfunnet, altså at visse samfunnsgrupper gir seg definisjonsmakt i samfunnsdiskursen, og skaper det bildet at det er ”dei andre” som snakkar dialekt, og at dialektar er i tilbakegang. Førestillingar om dialektar og språk spelar på den måten ei rolle i kulturen. Denne rolla kan vi lettast avsløre ved å stille førestillingane opp mot faglege kontrollar og konkrete språkanalyser.

### 3. Førestillingar og faktisk språkbruk

Samtidig med at ein gjennomgangstone i språkdiskursen – altså måten språk blir omtalt og fokusert på i samfunnet – er at dialektane forsvinn, og at språkforskjellane dermed blir mindre og mindre, oppstår nye språkfenomen. Siste par tiåra har eit samanfall av sj- og kj-lydane spreidd seg til dialektane mangstad i Norge, først og fremst i Sør-Norge, og dette samanfallet er blitt framstilt som eit språkleg forfall. Men fenomenet viser jo at det faktisk har komme til ein ny dialektforskjell. I Nord-Norge har eit område fått ein overgang frå palatale til retroflekse lydar, og dermed har dei utvikla ein ny forskjell til dialektane lenger sør. Nøkternt sett liknar dette sterkt på det som har skjedd før i språkhistoria: Forskjellar kjem og går.


Holdninga som vi såg ovafor i sitatet etter Beito, er utbreidd, og ein får inntrykk av at den allmenne oppfatninga om tempoet i språkendingane kan framstillast slik:



Nedafør skal eg komme tilbake til ei drøfting av språkhistoriske forandringar og vise at kurva meir sannsynleg skulle vere bratt i tidlegare tider og nokså flat dei siste hundreåra. Dermed kan vi formulere eit spørsmål i tillegg til dei tradisjonelle om språkending: Korfor har vi så sterke førestillingar om språk og dialektar? (For dei stemmer jo ikkje med realitetane!)

Vi som arbeider med dialektologi, må ha to studieobjekt, eitt som gjeld

språknaturen, og eitt som gjeld språkkulturen:



#### 4. Norske talemålssamlingar

Moderne dialektforskning kan byggje på opptak av faktisk tale, som gir ypparleg høve til å observere og beskrive språket utan at det vi registrerer blir for mykje filtrert av holdningane våre. Empirisk arbeid har altså fått nye vilkår, og den siste moderne teknologien med digitalisering og bruk av tekstkorpus har forbetra forskingsmulegheitene uendeleg mykje. Vi kan no stå ved starten av ein ny fase i forkinga av språkleg variasjon.

Aller siste åra har vi vore opptekne av å etablere lett tilgjengelege språkresursar – slik *Spara talet* har vore. Lydmaterialet vi konsentrerer oss mest om å få grep om, er:

##### A. Samlingar med språkvitskaplege formål:

- *Målførearkiv* ved universiteta (Bergen, Oslo, Trondheim, Tromsø). Foreløpig er lite digitalisert.
- *Talesøk* (Bergen) – digitalarkiv for merkt forskingsmateriale (<http://helmer.aksis.uib.no/talekorpus/Hovedside.htm>)
- *Dialektendringsprosessar* (Bergen) – nye opptak (<http://www.uib.no/fg/forse/prosjekter/prosjektoversikt/dialektendringsprosessar>)
- *Tekstlaboratoriet* (Oslo) – nye opptak (= prosjekta Norsk talespråkskorpus & Nordisk dialektkorpus (<http://www.hf.uio.no/tekstlab/>))

##### B. Anna tilgjengeleg lydmateriale (samtar):

- radioprogram (frå NRK) ved Nasjonalbiblioteket (80 000 timar radio frå 1934)
- etnologiske og folkloristiske samlingar (Bergen og Oslo)
- livsløps- og livsminneintervju etc. ved historiske

##### C. Formidlingsformål:

- *DialektXperten*. Nettbasert kurs i dialektar (<http://www.dialektxperten.no/>)



- *Talemål på nettet* (<http://dialekt.uib.no/>)

Materialet under A er alt meir eller mindre digitalisert, transkribert og lagt i tilgjengelege basar. Materiale under B er slikt vi veit om, men som vi enno ikkje har fått laga avtalar om å få bruke. Under C går det fram at det òg finst samlingar som er digitalisert, men som ikkje har teke mål av seg å skulle bli brukt til forskingsformål.

Det er to større aktive innsamlingsmiljø i Norge i dag. Det eine er knytt til Tekstlaboratoriet ved Universitetet i Oslo og har utgangspunkt i prosjekta "*Norsk talespråkskorpus*" og "*Nordisk dialektkorpus*". Prosjektet samarbeider med dei andre universiteta, men sjølve databasen blir utvikla i Oslo. Det faglege formålet har vore først og fremst syntaktiske studiar, men materialet er sjølvsagt lagt til rette for mange typar forskingsspørsmål. Her blir materialet transkribert både på tilnærma dialekt og etter skriftmålsortografien.

Det andre innsamlingsmiljøet ligg i nordiskmiljøet ved Universitetet i Bergen, som utnyttar eldre materiale ved Målføresamlinga i Bergen. Dessutan er det no sett i gang eit nytt prosjekt om "*Dialektendringsprosessar*" der målet er å studere endringar i verkeleg tid med å gjere nyinnsamlingar på fem stadar der det også er innsamla lydmaterial i eldre talemålsprosjekt frå tida 1969–1983. Det nye materialet skal omfatte 24 informantar frå kvar stad (og noko meir frå Bergen). Materialet her blir transkribert ortografisk. Dessutan blir det gjennomført holdningsgranskingar i same samfunna. Dette er altså eit meir sosiolingvistisk innretta prosjekt. Men metoden for å byggje opp databasen er stort sett den same som i Oslo-miljøet, og vi samarbeider om formatet.

Undersøkingstadane vi har valt i Dialektendringsprosessar, ligg alle på Vestlandet i Norge, slik at vi får betre konsentrasjon i problemstillingane. Stadane har vi plukka ut med tanke på å få med ulike samfunnstypar, og særdraga for samfunna kan stillast opp slik:

- *Bergen* - by, relativt stabil demografisk og økonomisk
- *Stavanger* - by, demografisk og økonomisk svært omlagt siste generasjonen pga. oljeindustrien
- *Øygarden* - bygd, svært omlagt pga. oljeindustrien, under dominans frå Bergen.
- *Sirevåg* - bygd, relativt stabil, under dominans frå Stavanger.
- *Midøya* - to stabile småbygder i Møre og Romsdal som er blitt lagt inn i same kommune og same skolekrets

Ved å lage ein solid empirisk komparasjon av dei fem stadane og av tilstanden på to ulike tidspunkt håpar vi på å kunne seie meir presist noko om dei indre og ytre faktorane:



- *Ikkje-språklege faktorar*: innflyttingar (= smeltegryteeffekt), arbeidspendling, sosial og økonomisk omlegging i lokalsamfunnet, regional kommunikasjon, dominerande regionscenter (= Bergen og Stavanger), nasjonal dominans (= Oslo), kulturell fokusering i lokalsamfunnet
- *Språkinderne tendensar*: naturlegheit, grammatisk forenkling, koineisering

Ein reknar ofte med at den ytre påverknaden kjem mest frå samfunn som har høgare prestisje, og der det er konsentrert økonomisk, sosial og kulturell makt – i praksis større byar. Prosjektet vårt skal kunne vise ev. verknadar av dette hierarkiet.

### 5. Endringstendensar i norsk talemål i dag

Vi skal her gi eit lite blikk inn i nokre tendensar i norsk språkutvikling i dag. Dei viser at retninga i endringane er nokså skiftande, og dermed at prestisjehierarkiet vi nemnte ovafor, kanskje ikkje seier så mykje. Dei ulike endringstendensane understrekar truleg kor komplisert årsaksforholdet er i språkutviklinga.

Fire eksempel på drag som følgjer det vi ventar frå prestisjehierarkiet – slike vi kunne kalle ”medstraumsfenomen” – er desse:

- retroflekering
- avpalatalisering
- affrikat > frikativ
- assimilasjon av *ng, ld, nd*

Retrofleksar manglar berre på Vestlandet, men er på frammarsj der i nördste delen i dag, nemleg på Sunnmøre. Palatalisering manglar i søre delen av landet både i aust og vest, og grensa flyttar seg i dag nordover. Den vestlandske affrikaten (for *kj*) vik for frikativen som dominerer på Austlandet, og dei vestlandske konsonantsambanda *ng, ld* og *nd* vik for assimilasjonsprodukta /ŋ:/, /l:/ og /n:/, som dominerer landet elles. Felles for desse endringane er altså at Oslo-området har det ”offensive” dialektdraget – men altså ikkje aleine.

Vi har også motstraumsfenomen:

- bakre (uvular) r
- morfologisk styrt apokope
- *kaste* > *kasta* (pret.) (og altså ikkje *kastet*)
- garpegenitiv

Spreiingsretninga her er slik at den bakre r-en spreier seg frå Sør-Vestlandet og nordover Vestlandet. Morfologisk apokope (f.eks. inf.: *å vera* > *å ver*) går frå Nord-Noreg og sørover til Trøndelag. På det indre Austlandet går preteri-tumsformer som



*keste* over til *kasta*, som dominerer i heile landet elles (altså ikkje prestisjeforma *kastel*). Eigeidsuttrykk med *sin* ('garpegenitiv': *Knut sin bil*) spreier seg frå Vestlandet til Austlandet.

Somme trekk er heilt nye og har ikkje noko klårt utgangspunkt:

- Borfall av inf.-ending etter stamme på -r (*gjør, ver, spør ...*)
- *sj + kj > sj* (*kjøtt > sjøtt*)

Til slutt må det nemnast at dei fleste dialektdrag vi brukar å nemne for Norge, er svært stabile, f.eks. tjukk l og manglande -r i presens og flt. substantiv (dvs. *dømme* for 'dømmer' og *bila* for 'bilar').

## 6. Sosiolingvistikk + historisk lingvistikk

Når vi studerer språkending i samtida, prøver vi å forstå m.a. dei sosiale kreftene som skaper språkending. Desse kreftene styrer òg kor omfattande og kor raskt endringane skjer, og vi har ein god del data som viser oss at det er samsvar i sosiale omleggingar og omfanget av endringar (jf. Sandøy 2004 og 2007). Derfor blir det interessant å bruke eller teste denne innsikta òg på historisk materiale. Då får vi ein del nye utfordringar. Historisk materiale ligg sjølvstundt ikkje så godt til rette, men vi har ein del kunnskap om kva som har skjedd i dei norske dialektane dei siste tusen åra – og faktisk nokså sikre kunnskapar frå 1200-talet.

Eg skal her vise eit eksperiment som eg har laga med utgangspunkt i ei dialekttekstsamling Ivar Aasen gav ut i 1853: *Prover af Landsmaalet*. Teksten "Drækern frå Stemma" er frå Tingvoll i Møre og Romsdal. Då Aasen reiste rundt i Norge for å samle inn dialektmateriale, såg han naturleg nok etter dei eldste versjonane av dialektane, og dermed kan vi rekne med at denne teksten, representerer det språket som barn lærte seg kring 1800, altså for vel to hundre år sia.

Denne teksten kan vi føre tilbake til i slik vi reknar med gammalnorsk var kring 1250:

**Þar er garðr, sem heitir Stim; hann liggr yzt úti við hafit, þétt aftr við fjall þat, sem þeir kalla Stimshest. Þar váru tvær gentur einu sinni, sem róa skyldu út á holm nokkurn at mjolka nokkurar kýr, sem þær höfðu gangandi þar. Þá blés upp óveðr meðan þær váru á holminum, ok þegar þær skyldu róa heim aftr, svá var stormrinn löngu svá stríðr, at þær rak af frá landinu ok drifu þær til hafs. Þær unnu ikki meira heldr at halda bátinum réttum á sjónum, ok annars laut hann ganga sem hann vildi. Ok sváleidis lágu þær ok drifu á hafinu bæði daginn ok náttina ok nokkura daga eftir.**

Skriv vi så denne teksten om til tingvolltdialekt frå 1800, må han sjå ut som nedafor i lydskrift. Her har eg merkt av med raudt der det har skjedd lydlege forandringar etter 1250, med grønt der det har skjedd ei morfologisk endring, strek der det er ei syntaktisk forandring, og endeleg boks kring orda som er nye etter 1250.

Der e en gar, så -ete Stemme; han ligg yst ut me have, tett att-  
 me de- fjelle, så dæmm ka~~ll~~la Stemshæst'n. Der va- de- two tase-  
 en gå~~nn~~, så skulla ro- ut på en h~~ar~~m å mjø-k nåkkår- ky, så dæmm  
 ha- ganan der. Da btes de- opp ecc ove-r me- dæmm va- på h~~ar~~ma;  
 å når dæmm sku~~ll~~la ro- hem att-, så va- st~~ar~~m-en alt så stri-, at dæmm  
 rak av frå lanna å drev- te- havs. Dæmm væn- ikkje mer enn å ha~~ll~~  
 båt'n rætt på sjynå, å sia latt han ga- så han vi~~ll~~la. Å såles låg-  
dæmm å drev- på hava både da- n å natta å næn- daga- te.

Når vi no summerer opp endringane etter 550 år, blir resultatet: 11 leksikalske + 7 syntaktiske + 100 fonologiske + 33 morfologiske = 151 *endringar* i denne tekstbiten på 111 ord

Neste steget i eksperimentet er å skrive teksten om slik at han kjem i samsvar med dialekten kring år 2000:

Der e en gar, så hete Stemme; han ligg yst ut me have, tett att me de fje~~ll~~e, så dæmm ka~~ll~~la Stemshæst'n. Der va- de to tase en gå~~nn~~, så sku~~ll~~la ro- ut på en h~~ar~~m å mjøk nåkkår ky, så dæmm ha ganan der. Da btes de opp ecc over me dæmm va på h~~ar~~men; å når dæmm sku~~ll~~la ro hem att, så va st~~ar~~men alt så stri, at dæmm rak av frå lanne å drev te havs. Dæmm væn ikkje mer enn å ha~~ll~~ båt'n rætt på sjøen, å sia latt han ga så han vi~~ll~~la. Å såles låg dæmm å drev på have både da'n å natta å næn daga te.

Her er endringstala etter dei siste 200 åra: 0 leksikalske + 0 syntaktiske + 4 fonologiske + 4 morfologiske = 8 *endringar*

Vi ser at det er eit svært lågt endringstempo vi no er komne til. Når vi så veit frå språkhistoriske granskingar at dei fleste av endringane som er føreset i 1800-teksten, eigentleg skjedde før reformasjonen, forstår vi at det må ha vore eit svært høgt endringstempo dei siste par hundreåra av middelalderen. Ja, endringstempoet er så høgt at det er ei sosiolingvistisk utfordring å få til ei rimeleg forklaring på at det var muleg. Den mulege forklaringa ligg truleg i at det var omfattande folkeflyttingar i tida etter svartedauden, dvs. under den jordbrukskrisa som historikarane har påvist; og





pga. folkeflyttingane oppstod koineiseringar. Her har vi framfor oss eit interessant forskingsområde om vi ønskjer å forstå språkhistoria vår i ein svært intens periode.

### **7. Ja visst skjer det endringar i Norge òg!**

Om vi no har slått grundig fast at førestillingane om språkendringar overdriv tempo og omfang, må vi òg ta med oss at det faktisk skjer språkendringar i dag, til dels store. Ein rimeleg påstand kan vere at endringar skjer først og fremst a) der byar veks utover og ”sluker” landsbygda, og b) der det veks opp nye industristadar og kommunesenter i stor fart (dvs. i språklege smeltegryter). Første tilfellet kan lett illustrerast med bymålet i Bergen, som i dag har tatt over som dialekt i næraste omlandet pga. at byen har utvida seg mykje, særleg etter andre verdskrigen. I dei tidlegare omliggande bygdene er det ikkje den tradisjonelle dialekten som har endra seg; den er kort og godt blitt bytt ut med ein ny dialekt, og på eit mellomsteg var mange menneske der todialektale. Det andre tilfellet gjeld mange småbygder i Norge som under industrialiseringa tidleg på 1900-talet fekk ei svært stor tilflytting og dermed ei dialektblanding som blei utgangspunktet for nye dialektar (Sandve 1976, Sandøy 1985: 250f., Solheim 2006). No er det slutt på industrialiseringa, men dei siste tiåra har vi sett parallellar der det har vakse fram nye store kommunesenter.

Det har skjedd store demografiske omleggingar dei siste par hundreåra. Mens landet vårt hadde ein svært rural demografi kring 1800, bur i dag 70 % av folket i tettgrendte strøk. Men vi kan òg ha i mente at det framdeles i dag likeins som i 1850 bur 1,4 millionar nordmenn i bygder og grender! Det vil i praksis seie at det er folkeauken som har flytta til sentrum; og at dei tilflytta menneska har teke opp nye dialektar, er ikkje underleg. Dermed har det skjedd ei vektforskyving i folketal i dialektvariasjonen i landet. Det er største språkendringa i Norge dei siste hundreåra.

### **8. Dei store spørsmåla**

Etter denne oversikta over norsk språkhistorie og norske endringstendensar i dag vil eg summere opp med at dei generelle språkvitskaplege innsiktene som norsk dialektologi kan vere med å utvikle, kan formulerast i desse spørsmåla:

- Korfor endrar ikkje språket seg meir når det heile tida må lærast av nye generasjonar?
- Korfor endrar ikkje språket seg meir når næringslivet / samfunnet endrar seg så mykje?
- Korfor går det ikkje slik som førestillingane ”tilseier”?



- Korfor har vi så sterke førestillingar om språk?

Svar på desse spørsmåla får vi nettopp gjennom jamførbare detaljanalysar – i solid materiale.

### Referansar

- Beito, Olav T., 1958: Drag av utviklinga i hallingmålet dei siste mannsaldrane. I: Svenska Landsmål och Svenskt Folkliv 8. S. 1–42.
- Bjørkum, Andreas, 1967. Vert dei norske målføri borte? I: Syn og Segn. S. 571–579.
- Brunstad, Endre, 2007: Globalisering og språkleg mangfald. I: Den nye norsken? Nokre peilepunkt under globaliseringa, red. av Helge Sandøy & Kari Tenfjord. Oslo. S. 40–72.
- Ellen Ryen, 1979: Why do low-prestige language varieties persist? I: Language and social science, red. av R. Giles & R. St. Clair. Baltimore. S. 145–157.
- Sandve, Bjørn Harald, 1976: Om talemålet i industriadene Odda og Tyssedal. Generasjonsskilnad og tilnærming mellom dei to målføra. [Utrykt hovudoppgåve.] Bergen.
- Sandøy, Helge, 1985: *Norsk dialektkunnskap*. Oslo.
- Sandøy, Helge, 2004: "Types of society and language change in the Nordic countries." I: Language Variation in Europe, red. av Britt-Louise Gunnarsson et al. Uppsala. S. 53–76
- Sandøy, Helge, 2007: Kvantifisering og typologisering av språkending og samfunn. I: Nya perspektiv inom nordisk språkhistoria. Föredrag hållna vid ett symposium i Uppsala 20–22 januari 2006, red. av Lennart Elmevik. (Acta Academiae regiae Gustavi Adolphi XCVII.) Uppsala. S. 145–160.
- Skolseg, Ellen, 2000: "Vi snakker bare litt bredt". Problemer som kan oppstå når lingvister og ikke-lingvister skal snakke om språk. I: Målbryting 4. S. 149–166.
- Solheim, Randi, 2006: Språket i smeltegryta. Sosiolingvistiske utviklingsliner i industrisamfunnet Høyanger. (Doktoravhandlingar ved NTNU 2006:165.) Trondheim.
- Aasen, Ivar, 1853: Prøver af Landsmaalet i Norge. Kristiania.